

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 3 - SEPTEMBER 2023
ÅRGANG 46



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no
<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontortider:

Opningstider i sommar
tysdag og torsdag: kl 10.00 - 14.00

Kyrkjeverje/kantor:

Jan Overweg 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825
olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562
rama@fitjar.kommune.no

Kontormedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335
eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488
kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedelete:

Kyrja på stand før kyrkjevalet
Foto: Torbjørn Hovland

Redaksjonelt

«Barn i ditt hus»

Sitatet er frå salme 564 i salmeboka. Den skildrar korleis me er barn i Guds hus, og eg ser for meg korleis me fyller huset med glede og barnleg latter.

Olav J. Oma

Utanfor butikken i sentrum står partia oppstilte i dag. Der står det òg eit bord med kyrkjeval. I haust er det val både i kommune og fylke, men òg i kyrkja.

Menneske, så ulike vi er, har sagt ja til å stilla tid, krefter og engasjement til råderett for kyrkje og samfunn. Difor meiner eg det er viktig at me som kan stemma, bruker røysteretten vår.

Bli med og gje kyrkja eit godt råd! Ved å bruka røysteretten gir du dei som har stilt seg fram eit klapp på skuldra, seier kom igjen, eg heiar på deg, sjølv om dei du stemmer på ikkje veit om det. Det er jo hemmeleg val, så betyr stemma di noko.

No tek ein ny haust til. Barn strøymar til skule, barnehage og studiestader. Vaksne gjer det vaksne gjer, men for mange er hausten ei tid for oppstart.

Slik er det òg i kyrkja. Gjennom veka gjer me ulike val som er med og driv arbeidet fram. Foreldre vel for borna sine å gå på babysong, vera med i søndagsskule og organisasjonar. Dei fleste unge vel å bli konfirmerte. Nokon blir med på Tentreff, andre stiller opp som frivillige.

Det betyr noko kva du vel å bruka tid og krefter på.

Men det aller viktigaste valet har Gud gjort for oss. Då han gav son sin, Jesus, for vår skuld, viste han kor verdfullt han synst mennesket er.

«Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde, den som er gjeven oss i Kristus Jesus frå evige tider»
2. Tim. 1,9

Bli med og fyll huset hans!



Temakveldar hausten 2023



31.august

Edvard og Ine Hoem

*Ine syng frå sitt siste album
Edvard les egne tekstar*



28.september

Bodil Eldhuset

Konsert



26.oktober

Koret Ichthus frå Stord

«Salmer til alle tider»



30.november

Brageprisinnar Trygve Røliser Gundersen

«Haugianarane»

Temakveldgruppa/soknerådet



Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. Kontonr. 3546.29.05805

Frist for innlevering til neste blad er 15. oktober til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 26. okt. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til redaksjonen.

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rølfnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme

Takk

Også denne sommaren har det vore inne vikarar på kyrkjegarden og i kyrkja, og me vil nytta høvet til å seia takk.

Takk til: Ola Sigurd Vestbøstad, Daniel Rølfnes, Marie Moldestad Oma, Harald Skumsnes, Harald Rydland, Elisabeth Fauskanger, Roald Drønen og Sven Harald Nilsen.

Kyrkjekontoret



Gudstjeneste i Kråko

Det var 16. juli, grått og utriveleg, vått og regnfullt.

Torbjørn Hovland

Planen var å halde gudstjeneste ved Port Steingard i Kråko, men heldigvis inviterte barmhjertig personale oss inn i PS bryggekafe i staden.

Harald, Maren og Silje Rydland gav sang og musikk til eit fullsett lokale, og med utstilling av Fitjar Island sine såpeprodukter ved sida av kafeteriadisken, var det nærliggjande å beskriva gudstjenesta med eit av Frelsesarmèen sine motto: **Suppe, såpe og frelse.**



Fire me´ sjødn

Roald Drønen

Me har stilt desse spørsmåla til tilfeldige personar i Fitjar om valet til Fitjar sokneråd 11. september.

1. Veit du at det er val til soknerådet i Fitjar same dag som det er val til kommunestyret?
2. Kva tankar har du gjort deg om lista?
3. Har du tenkt å nytta deg av røysteretten?
4. Synest du det er viktig at folk i Fitjar får vera med og styra det som skjer i kyrkja lokalt?



Tord Brekke:

1. Nei, eg visste ikkje at det var same dagen, men eg visste at det var rundt den same tida.
2. Ja, det ser ut til å vera ein god del forskjellige folk med forskjellige meiningar.
3. Ja, eg har tenkt å stemma.
4. Ja, eg syns det er viktig at folk kan stemma over kven dei vil skal styra.



Kari Nøstbakken:

1. Ja, det veit eg. Det hugsar eg faktisk frå forrige gong. Og so har eg lese i avisa at det skal vera.
2. Eg har ikkje gjort meg så mange tankar, men eg synest det er mange flotte, spennande namn på listo. I tillegg er det god variasjon.
3. Eg hadde kanskje ikkje tenkt det, men eg trur nok at eg kjem til å gjera det no når du har spurt meg....
4. Eg visste ikkje at ein hadde so mange val. Då eg kom til Fitjar, opplevde eg kyrkjelyden so fin, den var så samlande og inkluderande. Og eg synst at gudstenestene var så fine. Viktig at folk er med!




Jorunn Sørffonn:

1. Ja, det veit eg. Eg har jo stemt nokon gonger før.
2. Eg kjenner jo nokre på listo betre enn andre og kjem nok til å sjå nærmare på lista før eg tek eit endeleg val.
3. Absolutt!
4. Alle plassar er det viktig at forskjellige folk med ulike perspektiv er med. Sånn tenkjer eg også at det må vera i kyrkja.



Rolf-Atle Rolfsnes:

1. Ja, det har eg fått med meg gjennom aviser og på andre måtar.
2. Den har eg sett, og eg synest at den er ganske variert. Her er både yngre, vaksne og eldre, kyrkjefolk og andre, som ikkje går så ofte i kyrkja.
3. Det har eg faktisk allereie gjort. Eg har røysta digitalt på nettet.
4. Me har jo ei kyrkja der det er ganske god oppslutning og god aktivitet, og det er viktig at folk er med og påverkar og seier kva dei ynskjer.



Her er kandidatane sine satsingsområde

Slik stemmer du fysisk og digitalt

I kyrkjevalet kan du førehandsstemme digitalt eller fysisk, eller du kan stemme fysisk på valdagen.

I vårt sokn er det førehandsstemming på Fitjar kyrkjekontor desse dagane:

FREDAG 11. AUGUST	kl. 10.00-15.00
ONSDAG 16. AUGUST	kl. 10.00-15.00
FREDAG 18. AUGUST	kl. 10.00-15.00
ONSDAG 23. AUGUST	kl. 10.00-15.00
FREDAG 25. AUGUST	kl. 10.00-15.00
ONSDAG 30. AUGUST	kl. 10.00-15.00
TORS DAG 31. AUGUST	kl. 15.00-20.00
FREDAG 1. SEPTEMBER	kl. 10.00-15.00
ONSDAG 6. SEPTEMBER	kl. 10.00-15.00

Det er også høve til førehandsstemming søndag 27. august kl.12.30-13.30 i Fitjar kyrkje. Du kan førehandsstemme digitalt frå 10. august til 6. september ved å gå inn på kyrkjevalet.no.

Valdagen 11. september kan du stemme i Fitjar Kultur og Idrettsbygg frå 09.00-21.00



1. Wenche Andersen Helland,
f. 1956, Professor, Dåffjorden

- Kyrkja skal vera ein stad der alle kan kjenna seg inkluderte og velkomne
- Diakoniarbeid
- Barne- og ungdomsarbeid



2. Svein Lunde,
f. 1955, Pensjonist, Vestbøstad

- Engasjera ungdom i kyrkja
- Ei kyrkje som møter alle på ein god måte både i kvardag, sorg og glede



3. Tom Rydland,
f. 1967, Marknadsansvarleg, Fitjar

- Fleire i kyrkja vår - Auka aktivitet i kyrkjelyden, også utafor kyrkjebygget
- Synleg engasjement i fitjarbygda gjennom eigne og andre sine arrangement
- Tydeleg engasjement utafor fitjarbygda, mellom anna innafor bærekraft og menneskeverd



4. Anne Marie Røed
f. 1949, Pensjonist, Rimbareid

- Forkynninga av den kristne bodskapen til alle - Ulike kulturelle uttrykk i formidling av bodskapen
- Ei inkluderande kyrkje
- Fylgja opp strategiplanen, vedtatt av soknerådet i inneverande periode



5. Anne Kristin Skår,
f. 1967, Adjunkt, Fitjar

- Ei inkluderande kyrkje der det er plass til alle
- Fortsetja det gode arbeidet med å lage gode arrangement i kyrkja



6. Håkon Rydland Sæbø,
f. 1977, Veterinær, Øvrebygda

- Ungdomsarbeid (Tentreff og KRIK)
- Kjekke utandørs aktivitetar
- Fellesskap mellom generasjonar
- Gjere arbeidet i kyrkjelyden synleg
- Legja til rette for temagrupper



11. Kari Raunholm,
f. 1965, Fysioterapeut, Fitjarstølane

- Fortsetja det gode diakoniarbeidet
- Motvirka einsemd og psykisk uhelse
- Sikra at alle skal kunne delta
- Gjera det lett å bli frivillig
- At kyrkja er open, synleg og tilgjengeleg i digitale kanalar



7. Mette Elisabeth Lambach,
f. 1962, Lektor, Fitjar

- Barne- og ungdomsarbeid
- Diakoniarbeid
- Halda fram med å skapa ein inkluderande og aktiv kyrkjelyd



12. Henrik Træet,
f. 2004, Lærling, Fitjar

- Ungdomsarbeidet i kyrkja, deriblant Tentreff og Vidare
- Leggja til rette for fleire ungdomsgudstenester



8. Nils Andreas Brekke,
f. 1964, Innkjøpsjef, Osterneset

- Kyrkja skal femne vidt og ta imot alle
- Det skal vera breidde og djupne i form og trusuttrykk og alle skal vera velkomne
- Kyrkja skal ha ein føreseieleg økonomi for drifta



13. Åse Rygg Heskestad Nøttveit,
f. 1960, Rådgjevar landbruk, Fitjarstølane

- Frivillighet
- Tilhørighet



9. Lillianne Drønen Jæger,
f. 1989, Pedagogisk leiar, Vik

- Kyrkjelyden sitt arbeid for barn og ungdom
- Skapa eit bredt og inkluderande tilbod for barn og ungdom



14. Magnor Tverderøy,
f. 1962, Arbeidsleiar, Dåfjorden



10. Bård Inge Bø,
f. 1977, Fysioterapeut, Vestbøstad

- Ei kyrkje med låge tersklar
- Deltaking i gudstenesta
- Fleire arrangement i kyrkja utanom gudsteneste



15. Karin Maria Korsvik,
f. 1942, Pensjonist, Øvrebygda

I Bjørgvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista**, **Frimodig kyrkje**, **Nominasjonskomiteens liste** og **Open folkekyrkje**. Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023

Bønnelista

Bønnelista vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformatjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på www.bønnelista.no



1
Sigurd Grindheim
(1968)
Professor, Stord



2
Solaug Anita Apelthun Sæle
(1951)
Økonomisjef, Fjell



3
Finn Indrebb
(1946)
Pensjonist, Askøy



4
Trygve Johannes Hellesøy
(1938) Pensjonert prest, Hellesøy



5
Torid Morsund Øygard
(1999)
Student, Bergen



6
Magdalena Steinhovden
(1947) Pensjonist, Naustdal



7
Anna Helena Bruun
(1974) Regnskapfører, Rådal



8
Mahdi Alipor Esfahani (1979)
Butikkmedarbeidar, Førde



9
Anders Myrene
(2002)
Student, Naustdal



1
Gunnar Innerdal
(1983) Førsteamanuensis, Øygarden



2
Per Hilleren
(1959)
Bonde, Sogndal



3
Marthe Hauge
(1965) Krefstjukepleiar, Skilbri i Sunnfjord



4
Egil Morland
(1950)
Professor emeritus, Øygarden



5
Geir Møller
(1957)
Pensjonist, Bergen



6
Karen Sofie Uthaug
(1998)
Student, Alver



7
Hilde Kayser Rohde
(1955)
Pensjonert musikal, Bergen



8
Annlaug Risa
(2003)
Student, Balestrand



9
Torstein Backer-Owe
(1959)
Rådgevar, Odda

Frimodig kyrkje

Vi ønskjer ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønskjer å styrka arbeidet med søndagsskule, trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer



for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønskjer å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon avkandidatane våre finst på www.frimodigkirke.no/bjorgvin

Open folkekyrkje

Sidan starten i 2014 har Open folkekyrkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrytmsler. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si. Open folkekyrkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kunna leva heile livet i, der alle skal kjenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemmer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utvåda vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einaskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. www.apenfolkekirke.org



Nominasjonskomiteens liste

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomitee med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på www.nominasjonskomiteen.no



Dag Sele
(1964)
Lege,
Stord



Turid Fjose
(1969)
Lege,
Voss



Amalie Gjengedal-Eide
(1996)
Lektor, Bergen



Arne Jostein By
(1948)
Pensjonist,
Stryn



Kristin Jordheim Bovim
(1955)
Lege Bergen



Dag-Olav Bjørøy
(1957)
Serioøkonserent,
Øygarden



Hege Feet Askvik
(1957)
Pensjonist,
Alver



Helge Dyrkolbotn
(1964)
Avdølingsleiar,
Austheim



Amalie Ulevik Bjerk
(1997)
Student, Bergen



Ingeborg Watne Flatland
(1979)
Lærer, Førde



Leif Steinar Alfsvåg (1959)
Høgskulelektor,
Stord



Elise Skjærven Aas
(2005)
Student, Bergen



Rune Garmann
(1952)
Pensjonist,
Masfjorden



Torill Teige Strand
(1959)
Lærer,
Solund



Karl Johan Kirkebo (1950)
Pensjonist,
Bergen



Oddny Miljeteig
(1954)
Pensjonist,
Bergen



Live Bakke Nydal
(2004)
Student,
Florø



Rune Johan Skjælaaen
(1954)
Pensjonist, Bergen



Anne Vierdal
(1996)
Trusselpædagog,
Sveio



Eiel Holten
(1968)
Seniorrådgjevar,
Bergen



Malene Mortensen
(2001)
Sekretær,
Sotra



Håkon Glatved-Prahl
(1956)
Journalist, Alver



Mari Skjerdal Lysne
(1985)
Stipendiat, Sogndal



Vegard Flatebo Trættemberg
(2002)
Lagfører, Bergen



Inger Johanne Gullbrå
(1949)
Pensjonist, Voss



Lars Hana
(1955)
Pensjonist,
Åskøy



Signe Ekenes
(1963)
Prosjektleiar,
Leikanger



Andreas Gravdal
(1981)
Formidlar,
Bergen



Ove Sverre Bjørdal
(1971)
Statsautonsert
revisor, Bergen



Torill Jørgensen Frøise
(1972) Rådgjevar
Åskøy



Christian Emil Haugen
(1990) Lege,
Bergen



Nyttig å vite om valet

Kvifor stemma ved kyrkjevalet?

Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og meining for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konsertar. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekyrkje.

Kven har stemmerett?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på www.kyrkja.no/medlem

Kven blir valt i kyrkjevalet?

Du stemmer lokalt på **kandidatar til soknerådet** der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet**.

Bispedømerådet er det regionale styringsleddet i Bjergvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømerådsvalet er det fire lister.

Kyrkjemøtet er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

Korleis stemmer du i kyrkjevalet?

Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærleiken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

Enkelt å førehandstemma digitalt

Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no. Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på www.kyrkjevalet.no

Godt val!


Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023



TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2023!!

«Med Jesus i båten»



Babysongkurs:

Samling på Fitjar bedehus anna kvar tysdag kl.10:30–12:00.

Babyar (0-12 månader) saman med ein vaksen. Songstund, og nistelunsj saman etterpå.

Datoar: 5/9, 19/9, 3/10, 17/10, 31/10, 14/11, 28/11 og 12/12

Småbarnssong:

Samling ein onsdag i månaden kl. 17:30–18:30. 2-4 åringar saman med ein vaksen. Songstund, bibelforteljing og nistekvelds.

Datoar: 6/9, 4/10, 1/11 og 29/11



4-årsbok:

Undretur laurdag og familiegudsteneste søndag med utdeling av 4-årsbok. 4-åringar saman med ein vaksen.

Datoar: 30/9 og 1/10



Den gode gjetar:

Samling onsdag ettermiddag kl. 17.00. 5-åringar saman med ein vaksen. Song og bibelforteljing, aktivitet og bollar og saft.

Dato: 30/8, familiegudsteneste 3/9

Lys Vaken:

Overnatting i kyrkja for 11-åringar.

Dato: 18/11 og 19/11



Konfirmantar:

Samling i kyrkja anna kvar veke fordelt i gruppe tysdag og onsdag kl. 14:15 – 15:45:

T: 29/8, 12/9, 26/9, 24/10, 7/11, 21/11, 5/12

O: 29/8, 13/9, 27/9, 25/10, 8/11, 22/11, 6/12

KONFIRMAN*
2024

KRIK:

Ein landsomfattande organisasjon som ynskjer skape idrettsglede, trusglede og livsglede. Samlast i FKIB fredagar kl. 19:30–20:30



Ten-treff:

Eit rusfritt tilbod på fredagskveldar for ungdom frå 8. klasse. Samling på fredagar kl. 21:00–23:00 – bli med i Facebook-gruppa «Fredagskveld på Fitjar», der kjem datoane fortløpande. Me føl i stor grad skuleruta

Vidare:

Samling for ungdom i kyrkja ein tysdag i månaden kl. 19:30–21:00

Datoar: 26/9, 24/10, 21/11, 12/12

vidare!



SØNDAGSSKULE



på Fitjar bedehus kl. 11.00 til ca kl. 12
stort sett dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja
Song, lystening, bøn, Bibelforteljing og aktivitetar
(frå 2-3 år og oppover til ca 8. Klasse)

Hausten 2023:

- 3.09 Søndagsskulens dag (sjå plakat/annonse)
- 10.09 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.
- 17.09 Søndagsskule
- 24.09 Søndagsskule
- 01.10 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.
- 08.10 Søndagsskule
- 15.10 Søndagsskule
- 22.10 Familiegudsteneste – ikkje sønd. sk.
- 29.10 Fitjarhelg på Solgry - ikkje sønd. sk.
- 05.11 Søndagsskule
- 12.11 Søndagsskule
- 19.11 Familiegudsteneste – ikkje sønd.sk.
- 26.11 Søndagsskule
- 3.12 Adventsfrukost kl. 11.00
- 7.12 Førjulskveld for dei store (4.kl +) kl. 17.30
- 29.12 Julefest kl. 17.00 (sjå plakat/annonse)



Følg oss gjerne på facebook for ferske oppdateringar/påminningar.



ALLE ER VELKOMNE!

Arr.:Fitjar søndagsskule

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND
Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as
ELON **fagmøbler**

Duo

OPNINGSTIDER:
Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14
Tlf. 53 49 79 72

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS
Kjærelvvegen 55
5419 Fitjar
www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå
Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinnelag

Fitjar
Bygdekvinnelag

FINERO
REGNSKAP

www.finero.no - jantore.aarskog@finero.no



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:
53 22 26 20 / 414 28 038
E-post:
post@krakogjestetun.no

Hår loftet
OPRINGSTIDER
Mån, tirs, fre: 9-16
Ons, tors: 9-18
Laur (kun drop-in): .. 10-13
Fiks frisyren hos oss!
Treff oss i 2. etg i Larsen bygget
For timebestilling ring:
53 49 78 90



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 91 82 41 58

Engesund
Fiskeoppdrett
Visningscenter
Mobilnr: 951 89950



Kontaktinfo:
Serina Sørfonn
902 27 978

Ledig annonseplass

Interflora | Galleri Flora
Tlf: 53 49 95 00 | www.interflora.no
Blomster - Gaver - Gravsteiner

jt TVEIT
Faglig tyngde og godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00

www.fmvas.no



SPAR



VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Engevik &
Tislevoll a.s**
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00

E-post:
post@engevik-tislevoll.no



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

post@oyabygg.no

456 67 418

**FITJAR
SMABAT AS**



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - http://www.fitjarbaat.no



**KVERNENES
BÅTBYGGERI**

Kalveid 27, 5419 Fitjar

Tlf: 940 39 639- baatbygg@kvernenesbaat.no

Ledig annonseplass

**Videoen
Kiosk**



Ledig annonseplass

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar

www.progreen.as



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700

Ledig annonseplass



Slekters gang

Døypte:

25.06

Elena Vik Bratli

02.07

Molly Berg-Tunem

Mariell Hjelmen Ivarsøy

13.08

Alice Eggøy Leirvik

Vigde:

29.07.2023

Elise Helland-Petterteig

Einar Helland-Petterteig

26.08.2023

Ailin Bukkøy Korsvik

Morten Isdahl Halhjem

Jordfeste:

Leif Vestbøstad

f. 16.07.1941 – d. 27.06.2023

Ester Tufteland

f. 12.11.1930 – d. 07.07.2023

Aud Johanna Vik

f. 20.05.1936 – d. 30.07.2023



Foto: Freepik

Solgry-helg
27. - 29. oktober

Sjå plakatar og
anna annonsering.



Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
03.09.	11:00	Søndagsskulensdag	Olav J. Oma	søndagsskulane
10.09.	11:00	Familiegudsteneste i Årskog	Olav J. Oma	Kirkens bymisjon Stord
17.09.	11:00	16. s. i treeiningstida	Roald Drønen	Diakoniarbeidet
24.09.	11:00	17. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
01.10.	11:00	18. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	NMS
08.10.	11:00	19. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
15.10.	11:00	20. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Ten-treff
22.10.	11:00	Hausttakkefest	Olav J. Oma	Tv-aksjonen
29.10.	11.00	Bots- og bededag	Vikar	